

Reisa begynner

Sam, Ina og onkel Ola har nettopp fått sjå Toni Inventos tidsmaskin.

«Hels på Snorre, den gode, gamle tidsmaskinen min. Han skal de få reise til fortida og framtida med. Det er eit tidshjul inne i førarrommet. Det er berre å snurre på det, så reiser de dit de vil.»

Ina veit ikkje heilt om ho har lyst. «Kva er oppdraget?» spør ho.

«Jo, oppgåva dykkar blir å reise til åtte ulike tidsaldrar. De skal finne éin eller fleire bokstavar i alle tidsaldrane. I alt er det 12 bokstavar. De får eit løysningsord om de set dei riktig saman. Dette ordet vil røpe kvar eg er. Og då vil de også få vite kva den nye oppfinninga mi er.»

Sam klarer å overtale Ina.


Sam, Ina og onkel Ola går inn i tidsmaskinen.

«Ein ting til», seier Toni Invento.

«Den raude knappen under dashbordet er naudknappen. Den må de trykkje på om noko går gale.»

«Ja», svarer alle tre.

«Då er det berre å seie: La reisa begynne!»



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 47.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8.